



STORPROSJEKTET: Momstrikkinga i Bø kommune har skjedd ved blant anna utbygginga av Bø sjukeheim.

FOTO: REIDAR PERSSEN

Jørund Verpe

Fra: Jørund Verpe
Sandt: 8. oktober 2012 14:00
Til: Heidi Rohheim; Ase Egeland
Kopi: Hans Aasmund Saga; 'olberge@online.no'
Emne: Faktureringsavtale - momskomp
Vedlegg: Grunnlag for faktureringsavtale med entreprenørar.doc
 Hei

Har med utgangspunkt i kommunens behov for innløsning av momskomp i drift for 2013 lagt en oversiktlig med fordelingsforslag mellom de mest sentrale entreprenører. Dette som grunnlag for utarbeidelse av egne tilleggsavtaler.

Har i dag nevnt dette behovet for Buer Entreprenørs prosjektleder, Odd Granli, og han reagerte med undring på hvor stor summen var. Derfor er det nok fornuftig å dele dette mellom de ulike entreprenørene. Dere får se på oppsettet, og gi tilbakemelding på hvordan vi håndterer det videre. Vi skal velte elektrolibidene i morgen(tirsdag) ettermiddag, og kommer da også til å drøfte denne saken.

Jørund Verpe
 Prosjektleder

Reagererte på store forskotsbeløp

Hovudentreprenørene på Bø sjukeheim reagerte på at dei involverte selskapa skulle motta store forskotsbeløp.

Halvor Ulvenes

halvor.ulvenes@varden.no

Bø Det framgår av den interne korrespondansen som Varden har fått tilgang til om førehandsfakturering.

I ein mail med vedlegg, som prosjektleiår Jørund Verpe sende til økonomisjef Heidi Rohheim og rådmann Ase Egeland 8. oktober i fjor, framgår det at samla beløp som skulle fakturertast i 2012 dreia seg om 49,4 millionar kroner.

I mailen skriv Verpe følgjande: «Har i dag nevnt dette behovet for Buer Entreprenørs prosjektleder, Odd Granli, og han reagerte med undring på hvor stor summen var. Derfor

er det nok fornuftig å dele dette mellom de ulike entreprenørene. Dere får se på oppsettet, og gi tilbakemelding på hvordan vi håndterer det videre».

I den interne korrespondansen heiter det vidare at kortleis avtalene skal utformast «drei seg vel også i nokon grad om jus».

Rådmann stod bak

– Viktig også at dette er eit tiltak initiert via økonomisjef og rådmann, skriv Verpe.

Han opplyser i eit brev til Varden at førehandsfakturering blir eit tema hausten 2012. «... ein kom då inn på mogleghetta for å få til avtaler om førehandsfakturering sidan faktisk byggeaktivitet ikkje såg ut til å bli stor nok i forhold til opphavleg kommunal plan. Prosjektleiårane vart då utfordra av administrasjonen på å drøfte dette med entreprenørene», kommenterer Jørund Verpe.

FAKTA

Momssaka

- Bø kommune bad om førehandsfakturering med moms på fleire prosjekt.
- Ved slik fakturering ville kommunen få tilbake meir momstefusjon.
- 40 prosent av denne refusjonen kunne først som driftsinntekt, og dermed fekk kommunen pynta på resultatet med fleire millionar kroner for 2012.
- Etter at Telemark kommunerevisjon sa at slik fakturering er ulovleg, har kommunen gjort full retrett og endra bokføringa.

Ikkje signerte

Han opplyser at kommunen sine framlegg til kontraktar på vel 49 millionar kroner ikkje blei signerte, men dei var grunnlag for innmål kontakt om temaet.

Triksinga var planlagt i månadsvis



FAKSMILLE: Varden 16. februar

Kommunikasjonen kommunen har hatt med aktørane i denne saka har vore udeelt positiv, skriv prosjektleiår Jørund Verpe.

Han ønskjer ikkje å kommentere saka i Varden.

Firmaet Elektriker'n, som er

underentreprenør, hadde også innvendingar. Da svara økonomisjef Heidi Rohheim slik: – Der som ein gjer slik han beskriv, så vil jo fakturaene som blir «momsa» komme ut over i 2013. Da er vi like langt».